



Framleis nedgang i sjukefråværet

(NPK): Det totale sjukefråværet gjekk ned frå 6,6 til 6,5 prosent frå andre kvartal i fjor til andre kvartal i år.

– Utviklinga er den same no som ved førre måling, og truleg kan vi sjå ei ytterlegare betring framover som følgje av at det no blir stilt auka krav til aktivitet tidleg i sjukmeldingstida, seier arbeids- og velferdsdirektør Tor Saglie.

Det legemelde sjukefråværet gjekk ned frå 5,8 til 5,7 prosent, medan det eigenmelde fråværet var uendra på 0,8 prosent.

Tilsette over 60 år har den største nedgangen i sjukefråværet. Spesielt gjeld dette i verksemder som er omfatta av avtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA).

Kvinner over 45 år har hatt ein nedgang i sjukefråværet, medan det har auka blant

kvinner i yngre aldersgrupper. Størst auke er det blant kvinner i alderen 16–19 og 20–24 år. Når det gjeld menn, har alle aldersgrupper hatt nedgang i fråværet, med unntak av aldersgruppa 20–24 år, der fråværet har auka med 2,4 prosent.

– Det er urovekkjande at yngre arbeidstakarar er meir sjukmelde enn før, seier Saglie.

Vestfold, Hedmark, Oslo og Sogn og Fjordane har den største nedgangen med 5 prosent kvar, medan Møre og Romsdal, Oppland og Nord-Trøndelag har ein liten auke. Finnmark har framleis mest sjukefråværet med 7,7 prosent og Rogaland det lågaste med 4,4 prosent.

(©NPK)